



STRANDEBARM



VIKØY



NORHEIMSUND



ØYSTESE



ÅLVIK

KYRKJEBBLAD

FOR KVAM

NR. 1 • MARS 2022
83. ÅRGANG



Påskeandakt

Der det nye livet lever

Side 3

Birgit Terum Hestad

Med djupe røter i to land

Side 4-6

Endring i stab

Tre medarbeidrarar sluttar

Side 8-9

FRAMSIDA

Bilete på framsida av spreke Birgit Terum Hestad (83) vart teke etter at ho fullførte fem kilometer hausten 2021, er teke av dottera Ingvill Hestad og nytta med velviljig løyve. Les meir på side 4-6.

UTANBYGDS ABONNENTAR

Har du nokon i familien som vil verte glad for å få Kyrkjeblad for Kvam tilsendt? Send namn og adresse til post.kvam@kyrkja.no, merk emnefeltet med Ny abonnent, evt bruk tlf eller brev.

SØNDAGSSKULE I ØYSTESE

Datoane for søndagsskulen i Øystese på laurdagar første halvår 2022 ligg på kyrkja si nettside, www.kyrkja.no/Kvam.

Kari Furnes Aalvik
Øystese søndagsskule

KONTINGENT 2022

Vedlagt ligg giro for kontingent for 2022, kr 350,-. Det kostar å prodsera og senda ut bladet. På førehand takk!

LEIAR

Der den andre er

Lars Arne Vik

Redaktør



Å finna den andre der den andre er og ikkje der eg reknar med at han er, er stor kunst. Kor ofte bommar me ikkje på målet her og gjev råd når det er trøyst og forståing som eigentleg er etterspurd.

Det er ein kunst å seia: «Så vond du må ha det», og stoppa der, når det så lett kan følgja, «Eg veit om ein mirakelkur som kan hjelpa», eller: «Du skulle nok ikkje ha gått ut utan brodder». Dei fleste av oss veit kor både mirakelkurar og -broddar er å finna. Men det er ikkje det me treng å høyra når livet er tungt grunna kronisk sjukdom eller knuste knær.

Det er godt å verta sett som den ein er. Det er godt når nokon andre ser det same som ein sjølv ser.

Som kristen kyrkje lever me i spenninga mellom å finna oss sjølv og kvarandre der me er i lys av Bibelen sine ideal for det sanne og gode menneskelivet. Meisteren sjølv meistra dette. Det han gjorde var ikkje «på liksom», han sa

det som det var, med kjærleik. Og med det utgangspunktet kan mykje verta sagt.

Korleis ville eg at andre skulle møta meg, om det var eg som hadde det slik? Ikkje alt i livet vert romma av dette spørsmålet, men du verden kor langt det rekk.

Til alle tider har den kristne kyrkja stilt opp der det trengs, for å lindra naud og smerte. Sjølv om staten har overteke mange oppgåver i vårt moderne velferdssamfunn, er det nok av oppgåver som ropar på viljuge hender og føtter.

Ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret, om du vil ta del gjennom Den norske kyrkja i Kvam sitt mangslungne arbeid. På den måten kan du vera med å finna andre der dei er. Og kanskje vil du oppleva at du gjennom dette finn deg sjølv.



Utgjevar:

Vikøy, Øystese og Ålvik sokneråd

Ansvarleg redaktør:

Lars Arne Vik, lv767@kyrkja.no

Grafisk produksjon:

Norheimsund Trykkeri AS

Trykk:

HBO Nova Print AS



Miljømerket trykksak 241 600



Kontingent:

Friviljug / kr. 350,-

Annonsar:

Kontakt redaksjonen

Bankkontonummer:

3530 07 06922 for kontingentar og gåver

Opplag:

4100 pr. nummer. Fire nummer i året.

Tips til stoff:

Send til post.kvam@kyrkja.no



DEN NORSKE KYRKJA

Kvam kyrkjelege fellesråd

Telefon:

414 00 035 / 474 83 120

E-post:

post.kvam@kyrkja.no

Vitjingsadresse:

Kvam kyrkjekontor, Norheimsund kyrkje,
Kyrkjev. 40, Norheimsund

Postadresse:

Postboks 39, 5601 NORHEIMSUND

Informasjon om våre tenester, kontakt-informasjon til våre tilsette og det som skjer i regi av oss finn du på:
www.kyrkja.no/Kvam



Den norske kyrkja i Kvam



@kyrkjerikvam

Gåver kan du også gje ved bruk av appen Vipps, søk opp det einskilde sokneråd.

Kyrkjeverja i Kvam:

Sigrid Karoline Eriksen-Tufteland,
se934@kyrkja.no, tlf. 414 00 035

Soknepresten i Strandebarm og Vikøy:

Roar Strømme,
rs466@kyrkja.no, tlf. 970 37 737

Soknepresten i Øystese og Ålvik:

Lars Arne Vik,
lv767@kyrkja.no, tlf. 477 56 449

Kvam kyrkjelege fellesråd:

Lisbeth Henriksen,
lissihen69@gmail.com

Rådsleiarar

Strandebarm sokn:

Kåre Milje,
kaa-milj@online.no

Vikøy sokn:

Ingvill Sørheim,
ingvill.sørheim@framnes.vgs.no

Øystese sokn:

Oddvar Ulltang,
oddvar@ulltang.net

Ålvik sokn:

Ragnhild Irene Nordheim,
ragnhild.nordheim@gmail.com

Organisasjonsnummer

Kvam kyrkjelege fellesråd:
976 995 082

Der det nye livet lever

Audun Aase (74)

er pensjonert prest
og bur på Aksnes

-Å tru seg til Jesus er å få ta inn hans blikk av kjærleik, og di lenger vi lever med han, di tydelegare og djupare blir denne erfaringa. Og du merkar kor takken meir og meir fyller deg, skriv Audun Aase i påskeandaktern.


Du er fri. Dette er den forløysande helsinga fra Jesus på krossen, og som han lengtar å nå alle med. Ein varm invitasjon til å kome til han med alt som på ulike måtar kan gjøre oss ufrie, ja, til tider tynge ned. Det gjeld synd og nederlag som ingen av oss kjem utanom, og som kan bli til indre, vedvarande klagemål om vi ikkje får gjort noko med det. Det kan gå på relasjoner til andre som er blitt skada på ulike måtar. Og det kan gå på problem med å kome til rette med sitt eige sjølvbilde. Berre for å nemne noko.

Jesus er den store frigjeraren. Då han bar seg sjølv fram som eit offer på krossen, så tok han alt vårt med seg, alt av vondt og gale som kan reknast opp. Han nagla det til krossen for å knyte til ei skildring fra Paulus. Det betyr at når eg deler det med Jesus, så er det ikkje lenger mitt. Eg er løyst. Han bryt kretsinga om meg sjølv, og eg får ta inn kven han er for meg og kven eg er saman med han. Han gjer meg til den eg er skapt til å vere, så eg kan rette meg opp og leve det sanne livet med han.

«So vil ved korset eg standa, med undring eg ser: Eg er fri! Eg skal ikkje døy, eg skal leva med Jesus til æveleg tid!» (NoS 381,3)

Du er elsa. Frå Jesus på krossen strålar denne sanninga, ja, denne erfaringa oss i møte. Eg har gjerne brukt å seie: Har du problem med å ta inn at du er elsa, så sjå på Jesus på krossen. For det er i kjærleik til oss at han heng der, og som Joh 3,16, den vesle Bibel, så tydeleg stadfestar: «For så elsa Gud verda at han **gav** Son sin.....» Her ser vi beviset på at vi er elsa ved at Gud ofra sin eigen, kjære Son for å vinne oss tilbake til seg. Lengselen etter oss kosta han dyrt, for krossen fortel nok kor vi menneske hadde villa oss bort og hausta dei bitre fruktene av det.

Men poenget med krossen er ikkje å vise kor føle vi er, men kor det ligg Gud



Altertavla til Audun Storaas (1922-2021) i Norheimsund kyrkje.

på hjarta å få oss heimatt. I framhaldet av Joh 3,16 seier Jesus at Gud sende han ikkje «til verda for at han skulle dømma verda, men for at verda skulle bli frelst ved han.» I sitt jordeliv let han nettopp dei mange erfare å vere elsa. Tenk på alle tollarane og syndarane, den tids utstøytte, som samla seg om han og fekk nye liv å leve. Og påska er sjølve dramatiseringa av denne store kjærleiken.

Å tru seg til Jesus er å få ta inn hans blikk av kjærleik, og di lenger vi lever med han, di tydelegare og djupare blir denne erfaringa. Og du merkar kor takken meir og meir fyller deg.

«Som når et barn kommer hjem om kvelden og møter en vennlig favn, slik var det for meg å komme til Gud, jeg kjente at der hørte jeg hjemme. Det var en plass i Guds store rom, en plass som lenge ventet meg. Og jeg kjente: Her er jeg hjemme, jeg vil være et barn i Guds hjem.» (NoS 325)

Du er eit vitne. Påskedag formeleg eksploderer det. Sorgtunge kvinner og utslætte disiplar blir omskapte til oppglødde augnevitne som ikkje kunne anna enn «tala om det vi har sett og hørt», som Peter og Johannes frimodig held fram under eit avhøyr.

Vi er ikkje augnevitne, men når vi erfarer det Jesus gjer med oss og liva våre, kan vi då anna enn kjenne på ein trong til å dele det med andre? Og så vere opne for høve til å gjøre det. Ja, ein ting til: «Der det nye livet lever», der vil det på ulike måtar bli lagt merke til av omgivnadene. Og ein lengt kan vekkast til å få del i det. Lat oss vere i bøn om dette, så stadig fleire opnar seg for dette rike livet, og vi kan vandre i lag mot den fulle openberringa i det evige livet.

Gjerne late oss inspirere av salmen lagd i munnen på Maria Magdalena: «Han lever, og jeg skal få bringe hans venner det salige ord – tenk, jeg som er ringest blant ringe, den minste han kjenner på jord. Tenk jeg skal hans hilsen frembære, å kunne jeg synge det ut! Mer kunne ei engler begjære enn gå med så salig et bud.» (NoS 199,2).

Hugs
nettsidene våre:
www.kyrkja.no/kvam

Med djupe røter i to land



-Kvar dag leitar eg etter kva eg kan gjere og kven eg kan glede. Kvar dag skal ha meinig og innhald på ein god måte. Dette seier misjonær Birgit Terum Hestad i dette nære intervjet i Kyrkjeblad for Kvam

Tekst: Arne Olavson Øystese

Birgit Terum Hestad er snart 84 år og bur i Rokabrekka i Øystese.

-Du fekk din barndom og oppvekst i Ålvik?

-Ja, mor Karina og far Lars Terum, som var lærar, og mine to brør og eg flytta dit i juleferien i 1946. Eg var då åtte år og gjekk i andre klasse. Ålvik hadde byskuleordning det vil sei at me gjekk på skulen kvar dag. I sjette klasse hadde me engelsk og skulekjøkken på timeplanen. September -52 fekk me ein liten bror, Lars Inge. Det var så stort at eg valde bort å söke meg inn på statsrealskulen i Øystese. Eg byrja i standen på realskulen i Ålvik. Ålvik var ein fin plass å veksa opp med rikt kulturliv, idrett og musikk og godt samhald i bygda. Eg var veldig glad i å lære og bestemte meg tidleg for at det var lærer eg ville bli.

Einaste jente i flokken

-Så gjekk vegn til landsgymnaset på Voss?

-Ja. Sjølv om eg var den einaste jenter i søskenflokkene, støtta begge foreldra mine opp om at eg også skulle få gå på gymnas. I 1955 byrja eg på engelsklinja på Voss gymnas. Eg blei snart kjent med Torfinn Hestad frå Sunnfjord, som gjekk på latinlinja. Han var ein god mann og me fann fort tonen. Eg vart kjærast med Torfinn, som hadde hatt misjonærkall sidan han var ellevje år. Han spurde om eg ville vere med i det kristne skulelaget «Solglytt», og det ville eg. I skulelaget var det ein sunt og fint kristent miljø. Kristentrua mi vart rotfestta og vi fekk tildelt ansvar og oppgåver. Eg hugsa eg hadde andakt på ein aldersheim. Der var det ei eldre kvinne som brann for misjonen og som utfordra meg sterkt til å reisa ut som misjonær.

Skeptiske slektningar

-Korleis reagerte du på det?

-Eg måtte arbeida mykje med dette! Det gjekk faktisk eit år før misjonærkallet vart klart for min del. Det kom heilt uven-



Bilete av spreke Birgit Terum Hestad (83) vart teke etter at ho fullførte fem kilometer hausten 2021, det er teke av dottera Ingvill Hestad og nyttat med velviljig løyve.

ta på mor og far at eg ville reise ut som misjonær saman med Torfinn, og slektningar i familien var svært skeptiske. Torfinn og eg forlova oss i 1959, og visste då lite om det som sidan skulle møta oss.

Etter artium på Voss, tok eg til på lærarskulen i Bergen. Torfinn byrja på misjonsskulen i Stavanger. Etter lærarskulen vart eg lærar på Hommersåk i Sandnes kommune, og så ved ein framhaldsskule i Stavanger. Eg stortreivst som lærar. Det var så kjekt at eg tenkte: «Kan eg forlate dette her?»

Torfinn og eg hadde eit sterkt ønskje om å gifte oss då vi begge var i Stavanger. Men på den tid måtte ein søkja misjonskulen om løyve. Det fekk me ikkje – sjølv etter to søknader. Torfinn reiste så til Menighetsfakultetet i Oslo for vidare

studium i 1963. I 1964 gifta vi oss. I januar 1966 ble Torfinn ordinert til prest av biskop Per Juvkam i Øystese kyrkje.

Gassisk via fransk

-Så bar det ut i den store verda?

-Ja, vi drog til Frankrike i 1966, der vi skulle læra oss fransk. Sidan Madagaskar hadde vore fransk koloni og fransk var det offisielle språket, måtte me lære gassisk via fransk. Tida i Le Chambon var ei rik tid. Eg hadde hatt fransk på gymnaset, så for meg var det både kjekt og lett å bli god i fransk. Eg var gravid og i mai 1966, kom vår første dotter, Karina, til verda. Ho var det første barnebarnet til mine foreldre. Vi tok ei privat reise heim til Norge for å visa henne fram og ta farvel med familien før vi drog ut til Madagaskar.

Eg var ekstra takksam for denne reisa då eg tidleg i 1967 fekk vita – via telegram – at far brått hadde falle om heime på Gartveit, og døydde av hjerneblødning. Eg opplevde dette veldig sårt. Det var lite informasjon å få på den tida. Vi fekk telegram med dødsbodskapet. Far min hadde nett fylt seksti år. Det var eit sjokk og ubeskriveleg vondt å vere så langt vekke frå familien. Vi kunne ikkje reise heim og ta del i gravferda. Då var det ei trøyst at han hadde fått sett barnebarnet sitt. Det var sterkt å sjå kor stort det var for far og mor å møte barnebarnet sitt.

Tjue dagar om bord

-Korleis reiste de til Madagaskar?

-I oktober 1966 bar det med skip fra Frankrike til Madagaskar. Turen tok tjue dagar. Vi var to familiar og to einslege som reiste saman. Kvinnene med born vart plassert i ein lugar og mennene i ein annan. På den tida var det viktig for misjonsorganisasjonane å spare pengar, difor vart menn og kvinner plasserte kvar for seg. Sett med våre auge i dag, er dette både urettferdig og lite familievenleg, men me hadde ikkje noko me skulle sagt. Turen gjekk greitt, og 26. oktober 1966 gjekk me i land i Tamatave på Madagaskar.

Primitive tilhøve

-Det måtte vera eit veldig kultursjokk å koma til eit heilt annleis land?

-Det var ein stor overgang, men det største kultursjokket var å flytta fra byen til landet, å flytta frå hovudstaden til Marolambo som låg tre dagsreiser frå hovudstaden. Først var vi ti månader på Antsirabe og lærte gassisk. Det var kjekt å læra eit nytt språk. Samstundes var eg småbarnsmor, og det var mi viktigaste oppgåve. Eg skal ikkje legga skjul på at det var ein stor overgang etter å ha vore yrkesaktiv lærar i Stavanger og Oslo, å flytte på landsbygda i eit av verdas fattigaste land.

Vi kom til Marolambo misjonsstasjon i regnskogen på austkysten og busette oss der. Det var mildt sagt ingen luksus, med eit svært primitivt hus utan elektrisitet og innlagt vatn. Trond vart fødd hausten 1967. Eg var det faste midtpunktet heime med borna. Torfinn reiste mykje på turnear i distriktet. Ingvild kom til verda tidleg i 1969, og tre månader etter at vi kom til Norge i 1971, vart Lars Tore fødd.

Tilsett i Husmorlaget

-Fekk de reise heim på ferie til Norge?

-Nei, men etter fem år ute, fekk me to år heime. I 1971 drog vi til Øystese, og fekk bu hjå mor fram til 1973. Torfinn heldt fram å arbeide i reisetene neste for



Biletet er frå 1980, familien Hestad er klar til tredje misjonæriperiode på Madagaskar, første rekkje frå venstre: Torfinn med Jorun på fanget, Trond, Ingvild og Birgit, i andre rekkje frå venstre Karina og Lars Tore. Foto: Privat

heimeverande misjonærar og reiste rundt i heile landet mens me var heime. Husmorlaget trengte utdanna lærar for å starte forskule i Øystese i 1972, og som utdanna lærar kunne eg ta ansvar for undervisningsopplegget. Hausten 1972 kom Jorun til verda.

Internatbarn

-Så - tilbake til Madagaskar - med nye familiemessige utfordringar?

-Hausten 1973 drog vi ut att - denne gongen heldigvis med fly.

Eg underviste i handarbeid og mat og helse medan Torfinn var rektor på Bibelskulen på Alakamisy samtidig som han administrerte to distrikter. Alakamisy var ein triveleg plass å bu og ein fin plass for borna å vekse opp. Karina var då sju år og skulle begynne i første klasse på den norske skulen på Antsirabe, fem timars køyring frå Alakamisy der vi skulle bu. Ho måtte bu saman med andre elevar på internat.

Eg prøvde å reise opp så ofte eg kunne saman med dei andre borna. Då budde me i eigen leilegheit slik at Karina kunne bu saman med oss. Eg kjenner det framleis heilt i magen kor vondt det var. Karina fekk kome heim til oss i haustferien, til jul, i påsken og i sommarferien. I dag er det heldigvis betre ordningar for misjonærarfamiliar med born. Ingen born skal måtte skiljast frå foreldra sine.

Eige hus i Rokabrekko

Etter fire års teneste, drog vi så heim att til Norge hausten 1977, og fekk tre år i Øystese. Det var viktige og gode år. Det var ei stor glede for liten og stor å flytta inn i eige hus i Rokabrekko, her eg framleis bur. Med mor mi som fast husmorvikar eit par dagar i veka annankvar

veke, tok eg til med vidareutdanning som lærar, og pendla til Bergen. Det var svært viktig for meg med fagleg påfyll. Det var krevjande å pendle til Bergen og studere med fem aktive born heime som hadde trøng for mor i nærleiken. Eg tok grunnfag i kristendom og mellomfag i pedagogikk og vart adjunkt.

Men ennå var det ikkje ferdige med Madagaskar. I 1980 drog me ut til vår tredje periode. Då arbeidde Torfinn med utdanning av gassiske prestar i Fianarantsoa og eg jobba med undervisning av ektefellane deira. Alle fem borna våre var på internatskule på Antsirabe. Det var tøft for borna og for oss at dei måtte vera på internatskule på Antsirabe for å få norsk skulegang. Heldigvis hadde dei kvarandre.

Barna ofra mykje


Når vi ser tilbake på alle åra ute, er det inga tvil om at også borna våre måtte ofra mykje. Heldigvis har det i misjonsorganisasjonane blitt eit heilt anna fokus på at borna skal vera saman med familien. Uansett fekk borna våre med seg sterke inntrykk og ei heilt spesiell røysnle med å vekse opp i eit land med ein svært ulik kultur.

Firsemst gassisk song

-Korleis vil du karakterisere gassisk kristendom i høve til norsk?

-Det er eit stort spørsmål som er vanskeleg å svara kort på. Trua på Jesus står sentralt begge stader. Men dei gassiske kristne er på mange måtar langt meir enn oss avhengig av å ha ein Gud å gå til med alt i livet sitt fordi kvardagen i eit av verdas fattigaste land er krevjande på så mange plan. Vi lever i eit verdas rikaste





Norsk Misjonstidende

Nr. 22 – 13. august 1983 – 138. årg.

Biletet er frå framsida til Misjontidende, bladet til NMS, 22/1983, og viser Birgit Terum Hestad med ektefellane og borna til til prestestudentar i Fianarantsoa, Madagaskar.

land og i eit sterkt utvikla velferdssamfunn. Det sparer oss for fleire daglege bekymringar enn vi tenkjer over.

Gassiske kristne lever og uttrykker si kristne tru med stort frimod. Har ein opplevd ei gassisk gudsteneste med firstemt salmesong frå første tone, gløymer ein det aldri!

Åra på Madagaskar var rike og krevjande. Å læra eit anna folk å kjenna med ein helti annan kultur, har sett sine djupe spor hjå oss. Me måtte læra å forstå dei, og ikkje minst deira måte å tenkje på. Vi fekk nære og sterke fellesskap på tvers av skilnadane.

Stor overgang

-Så vart ringen slutta då de kom heim til Øystese for godt i 1982. Korleis opplevde borna overgangen frå Madagaskar til Norge?

-Dei fekk seg raskt venner, og var aktivt med i skule, kor, korps og idrett. Samstundes var det ikkje berre lett korkje for dei eller oss. Det var på mange måtar både ein ny kultur og nye fellesskap dei måtte tilpassa seg i Norge. For oss vaksne var det mellom anna økonomiske utfordringer.

dringar med å få 'heimeløna' frå misjonen til å strekkja til ny garderobe til fem born for fire årstider i Norge. Borna følgjer godt med, og ein av gutane sa ein dag: «På Madagaskar var vi rike samanlikna med dei som budde der, men her i Norge er vi jo fattig!» Han hadde eit poeng.

Merke i over femti år

-Det går rykte om at du i mange år - og framleis - tek Idrettsmerke?

-Ja, eg har tatt idrettsmerke kvart år dei siste 51 åra. Heilt frå barndommen i Ålvik har eg vore glad i friidrett og her tok med idrettsmerke kvart år. Det er viktig for meg å halde meg i form. Eg byrja ta idrettsmerke på Madagaskar, og heldt fram med det då me kom til Norge. Det er ein test til meg sjølv på at eg held meg i form. Eg prøver å gå på tur tre gonger i veka. Motbakken opp Kjerringkleiv er ein god treningsbakke.

Trøyst i ordet

-Du miste din kjære Torfinn i 2011 - korleis var det å bli enke?


-Å missa sin kjæraste og ektefelle er ein situasjon ein umogeleg kan førebu seg på og setja seg inn i. Som ektepar var Torfinn og eg eitt. Vi hadde eit nært og godt forhold gjennom heile livet. Vi var saman om alt. Det var ein stor overgang å bli åleine, at han ikkje var her lenger. Borna våre var forlengst flytta ut, og etablerte kvar på sine stader. - Det vart ei trøyst for meg å lytta til Guds ord i Davids salme 139, 16: «Augo dine såg meg då eg var eit foster. Alle dagar er skrivne opp i di bok. Dei fekk form før ein av dei var komen.» Gud veit om oss og dagane me skal få, og Han er med oss alle dagar og alle slags dagar. Heldigvis har eg ein god og nær familie som betyr mykje for meg og som gjev livet meining. Livet må gå vidare. Etter at eg blei åleine har eg arbeidt aktivt med å gje kvardagen meining. Eg er glad i å lese og i å vere saman med andre. Eg har gode vener, er aktiv i to kvinneforeiningar, i kyrkjelyden, og går på senioruniversitetet og på konsertar.

Kvar dag leitar eg etter kva eg kan gjøre og kven eg kan glede. Kvar dag skal ha meining og innhald på ein god måte. Sjølv om eg merkar at kreftene blir mindre, er det sant som det står i Jesaja, 46, 4: «Alt til dykkar alderdom er eg den same, og til det grånar i håret, skal eg bera dykk. Eg har gjort det, og skal framleis bera lyfta dykk, eg skal bera og berga dykk.»

TEMAKVELD

Å leve med kreft i familien

På temakvelden tysdag 26.04 kl 1900 i Norheimsund kyrkje vil Tarald Ueland innleia om å leva med kreft i familien. Ueland har mista ei dotter av kreft og skrive bok om dette. Kvelden er eit samarbeid mellom Norheimsund indremisjon og Den norske kyrkja i Kvam og vert leia av Geir Johnny Undal. Samtale. Velkomne.





**Kyrkjetroff
Ålvik kyrkje**
om lag første tysdag i månaden
kl 16.00-17.45

8. mars

Program ved prost em
Arne O Øystese m fl

5. april

Program v/Solrunn Nes
og spr Lars Arne Vik
Arr: Ålvik kyrkjelyd



**Føremiddagstreff
i Norheimsund kyrkja**
siste torsdag kvar månad
kl. 11.00-13.00

31. mars, 28. april m/fleire

Ymse program. Servering.

Arr: Vikøy sokneråd



**Musikalsk føremiddagstreff
om lag første onsdag i månaden
vår 2022 i Øystese kyrkje**
kl 11.00-12.45

Song og musikk, tema, ord for dagen,
salmestafett og enkel lunsj

5. april

Tilsyn og Pleie

i Sykdom og Alderdoms dager
Kven utførte omsorgstenester før,
privat og som opptakt til
organiserte fellestiltak
v/Marie Elisabeth Skutlaberg

3. mai

Helse i kvar postkasse
Fysipterapeut i Harangerbadet
fysioterapi Tove Fjell
fortel om Postkasstetrimmen

7. juni

Den gode alderdomen i Kvam –
i brakke- eller demenslandsby?

Arr: Øystese sokneråd

NYTT FRÅ KYRKJEVERJA

Dyr straum og mørk kyrkje

**Sigrid Karoline
Eriksen-Tufteland**

Kyrkjeverje



Då var det tid for nokre ord frå kyrkjeverja igjen. Hausten og vinteren har vore prega av overskrifter om auka i straumprisane. No i januar slo det for fullt ut her hos oss i kyrkja i Kvam. Om lag 1/3 av straumbudsjettet rauk på straumen for desember 2021, så no må me spara.

Difor verte det litt kaldare i kyrkja når du er der, me har satt temperaturen til 18 grader. Uteljoset er slått av der me ikkje har bytte til LED-lys, me varmar ikkje opp kyrkja for å ha eit møte, men andre arrangement går som normalt no. I Vikøy legg me gravferder til Norheimsund kyrkje, så langt råd er, og så håpar me at me slepp å stenge kyrkjer for å spastra straum.

Idretten og frivillige organisasjonar får dekka noko av si straumrekning, og me håpar at det same skjer for kyrkjene. KA, arbeidsgjevarorganisasjon for kyrkjeleg verksamheth, er i samtalar med regjeringa om ei slik støtte, og så håpar me at det er på plass før bladet er i trykken, og du sit og les bladet.

Lengre gras

Ein ny vår og sumar står for døra, og med den kjem ein sesong med mykje aktivitet på kyrkjegardane.

I 2021 brukte me ein god del ressursar på å halde kyrkjegardane fine og nyklippte. I og med at me må spa litt dette året, kjem det til å verte litt mindre klipping, og me diverre må gå bort frå nokre av

KYRKJEKLUBB

i Norheimsund kyrkje
for menneske med nedsett
funksjonsevne

om lag siste torsdag i månaden
kl 17.30-19.00

Torsdag 31.03 kl 17.30
Torsdag 28.04 kl 17.30
Torsdag 19.05 kl 17.30
Torsdag 23.06 kl 17.30

Velkommen til bibelforteljing, song,
fellesskap og kveldsmat

Ein av prestane er alltid med

Arr: Den norske kyrkja i Kvam

dei prinsippa me hadde i fjar. Samstundes håpar me på at me klarar å halde kyrkjegardane fine, sjølv om graset ikkje verte klippa like ofte som sist sumar.

Ansvarleg festar

Me står for noko av aktiviteten på kyrkjegardane, og de står for resten av den. Me treng hjelp frå dykk til å halde kyrkjegarden fin, og det gjeld alt frå korleis grava ser ut til sortering av søppel.

Du som festar grava har ansvar for å passa på at grava er i orden. Om gravsteinen står skeivt, kan du enten retta den sjølve, eller ta kontakt med oss, så hjelpe me deg med å få den rett igjen, mot eit lite gebyr. Om du har ein kant rundt blomebedet på grava, må du passa på at den ikkje er i vegen for grasklipparen. Har du blomar eller buskar som kan vekse seg store, må du passa på at plantane ikkje er så store at dei dekke skrifta på steinen. Om du ikkje ynskjer eller av ein eller annan grunn ikkje kan stelle grava sjølve, kan du bestille gravstell hos kyrkjeverja.

Søppelsortering

Når me er heime, sortera me soppa før me kastar den, det må me gjere på kyrkjegarden og. Dei siste somrane har kyrkjegardsarbeidarane brukta mykje unødvendig tid på å sortera søppel. Me er takknemlege om du skil mellom biologisk avfall og restavfall, det gjere at me kan bruke meir tid på klippe gras og halde det pent på kyrkjegarden!

Kryssar fingrar

Jula 2021 vart nesten lik jula 2020, mange smittevernsrestriksjonar førde til mange gudstenester, me skreiv deltakarlistar og me plasserte folk på kyrkjebenk og plass. Det har me helde på med fram til no, så får me håpe at alle restriksjonar er borte når bladet kjem ut. Me kryssar fingrane for at me er ferdige med smittevernreglar når det gjeld denne pandemien, og at me kan ha opne kyrkjer og at mange vil delta på gudstenester og arrangement framover.

Med snø ute, Roland Utbult på Spotify og et håp om mange besøkjande i kyrkje våre, håpar eg at vi kan vere med å sørge for at «Til himlen når vår song».



Tre medarbeidrarar sluttar

Til sommaren sluttar, i alfabetisk rekkefølge, kyrkjemusikar Margrete Lid Kjosås, sakshandsamar Anne Kari Sørheim og sokneprest i Vikøy og Strandebarm Roar Strømme, dei to første vert

AFP-pensjonistar, den siste pensjonist. Kyrkjelydane i Kvam takkar alle tre av i gudstenesta i Norheimsund kyrkje søndag 22. mai kl 11.00 og på kyrkjekaffien etterpå. Kyrkjeblad for Kvam takkar for trufast tenes-

te gjennom mange år og ynskjer Guds fred over livet vidare. Her er svara på spørsmåla dei no har fått. Foto: Franckie Mario Andrianaivo. (LAV)

Margrete Lid Kjosås

Alder 61 år

Kva Eg starta som organistvikar då eg var 18 år, i 1978. Sidan har eg med jamne mellomrom spelt orgel her i Kvam. Frå 2006 til 2010 var eg organist i Ulvik og Granvin, og frå 2010 har eg vore kyrkjemusikar i Kvam.

Kva vil du ta med deg vidare?

Eg vil ta med meg alt eg har lært, gjennom arbeidet, gjennom å jobba med musikken, og ikkje minst alt eg har lært av medarbeidarane her i kyrkja. Dei har gjeve meg auka fagleg innsikt, auka musikalisk kompetanse, og samarbeidet med dei har gjeve meg erfaring og større sjølvinnnsikt. Samarbeidet med alle frivillige har også vore eit gjevande fellesskap.

Å samhandla med andre utviklar, skjerpar, utfordrarar, men gjev samstundes rikdom og stor glede.

Kva har vore kjekt?

Å spela. Ha musikken som yrke. Å få øva aleine i kyrkja har vore gode stunder. Å få spela til gudstenester, vigslar og gravferder har vore eit privilegium. Spela til salmar og liturgi, løfta kyrkjelyden inn i samstemt lovsong. Spela i glede og i sorg, lata musikken opna opp, spela folk inn i

kyrkja, og senda dei ut att i kvardagslivet med musikken.

Også arbeidet med Barnekoret i Øystese har vore kjekt. Born som syng saman, inspirerer og beveger meg. Syngjande born i Øystese har gjeve meg mange gode opplevingar gjennom åra. Spesielt i dei gudstenestene der dei har vore med, med sine songar, i liturgi og salmar. Det er kjekt å synga!

Har du eit høgdepunkt du vil dela?

Det er gudstenestene som har vore høgdepunkta alle desse åra. Anten det har vore få eller mange til stades. Ikkje alltid har eg vore nøgd med eigne prestasjoner, men alltid har eg erfart at eg er med på noko stort, saman med dei andre. Noko som når ut over kvardagen, ut over livet, noko høgare, djupare, rikare, ei deltaking i eit mysterium, ei skinande oppleving som eg ber med meg ut av gudstenesta kvar gong.

Kva har vore vanskeleg?

Eg har kjent på utfordringane med at folk har så ulike synspunkt og standpunkt, ulike tilhøve til musikk, så mange ulike forslag til kva me som gjer teneste i kyrkja skal prioritera. Slik er det jo fordi me er ulike som menneske, og alle har rett til å koma med sine meningar. Men - så må me tilsette ta nokre val og finna ei god lei framover, prioritera innan musikkval,



ressursval, profil, strategi. Å vita at nokon er usamde, kanskje så usamde at dei vurderer å ikkje gå på gudsteneste meir, det er trist å kjenna på.

Kva ynskje har du for DNK i Kvam?

At me kvemmingar kan samlast om gudstenesta, uansett kva me driv med elles i veka. Om me er i travel jobb eller har god tid, om me trenar mykje eller sit i sofaen, om me likar rock, tekno, gamaldans eller klassisk, - uansett kva me balar med gjennom veka, - på sundag kan me treffast i kyrkja. Der kan me blanda våre røyster med alle dei andre, eller berre sitja stille og lytta, der kan me ta imot vin og brød, og gå styrkte ut att, med ei fornaya tru.

Anne Kari Sørheim

Alder 62 år i løpet av dette året

Kva Den I.august i år har eg vore tilsett i 23 år.

Kva vil du ta med deg vidare?

Eg kjem til å sjå tilbake på mange gode år med veldig flotte kollegaer! Eg har opplevd ein god del utskifting av tilsette, og eg har sakna dei etter kvart som dei har slutta. Men så har det kome nye flotte personar til. Eg har trivest svært godt, og eg er takknemleg for at eg har fått vera tilsett så lenge.

Kva har vore kjekt?

Eg har lika arbeidet mitt på kontoret. Det er så kjekt å møta alle blide ansikt etter kvart som dei dukkar opp på kontora om morgonen. Eg hugsar tilbake då ein tidlegare sokneprest som jobba her, kom inn døra med eit smil om munnen og eit «*Hallaisen!*», eller ein kyrkjeverje som kom nynnande inn døra på morgonen. Det gav ein god start på dagen! Og det

å få jobba på kontoret med flott piano- eller orgelmusikk i bakgrunnen, det gjer dagen god.

Har du eit høgdepunkt du vil dela?

Nokre av høgdepunkta må vel vera bispevisitas både med biskop Hagesæther og biskop Nordhaug, og kyrkjebjubilea som me har hatt. Men relasjonane oss tilsette imellom er nok det som veg tyngst for meg. Me har fine fellesskap både på arbeidsplassen og på stabsturar. Me har hatt flotte turar til fjells, og me har mellom anna hatt ein tur til Øygarden, der me laga eit langbord nede ved sjøen og åt reker m.m.. Slike fellesskap er viktige og kjekke å tenkja tilbake på.

Kva har vore vanskeleg?

Det har til tider vore utfordrande med utskifting av, og mangel på, tilsette. Det har kravd meir av oss som er att. Ein stabil stab har mykje å seia for oss alle.

Kva ynskje har du for DNK i Kvam?

Eg ynskjer at me får ha ei kyrkje der Jesus står i fokus, at forkynninga er bibeltru, er



ekte og går frå hjarte til hjarte. Så må barn og unge få kjenna at dei hører til i kyrkja vår. Det er barna og ungdomane våre som er framtida! Me må be over det kristne arbeidet i bygdene våre.

Roar Strømme

Alder fyller 70 dette året

Kva Sokneprest i Vikøy og Strandebarm sidan 2016

Kva vil du ta med deg vidare?

Sjølv om eg hadde vore prest i mange år då eg kom til Kvam, har eg like vel hatt mange førstegongssoplevingar her, både av den gledelege og den vanskelege sorten. Det har såleis vore ei utfordrande og lærerik tid, som eg vonar eg har vakse på. Glad som eg er i natur og kultur har eg fått ei særleg tilknyting til ein av dei vakraste og kulturelt særprega delane av landet. Kvam og Hardanger vil eg såleis ha med meg livet ut.

Kva har vore kjekt?

For ein prest er levande kyrkjelydar alltid det største. Det er det me lever og andar for. Det er få plassar så mange samlast til gudsteneste på einskilde dagar som her. Fyrste påskedag i Norheimsund kyrkje er ei sterk oppleveling! Elles er det fyrste gongen eg er i ein så «multi-kulturell» stab som i Kvam. Å få gjere teneste saman med medarbeidarar frå fire land har vore ein rikdom, som har gjort meg enda gladare for å tilhøre ei verdsvid kyrkje.



Har du eit høgdepunkt du vil dela?

Etter at vi kom i gang med Kyrkjeklubben, som er særleg lagt til rette for menneske med utviklingshemming, har samlingane der vore eit fast høgdepunkt. Her møter eg kyrkja som ho skal vere: Eit mangfaldig fellesskap med ulike funksjonar, men knytte saman av Kristus.

Kva har vore vanskeleg?

Å vere prest for menneske i tragiske sorgsituasjonar er alltid vanskeleg, sjølv om det er høgst meiningsfullt. På eit heilt anna plan ligg det krevjande i at eg ikkje har vore busett i bygda. Sjølv om dei daglege turane over Kvamskogen har gjeve

meg mange gode opplevingar, kjem ein som pendlar ikkje like tett på livet i bygdene.

Kva ynskje har du for DNK i Kvam?

At ho vert halden oppe og veks i tru og teneste, og at nye vert lagde til. Eg har stor respekt og takksemd for alle dei som trufast tek del i kyrkjelydane si tilbeding og teneste her. Samstundes opplever eg at mange i Kvam har ei tilknyting til kyrkja, utan at ein dermed finn sin plass i kyrkjelydsfellesskapet. Slik har eg eit ynskje om at kyrkjelydane må vekse i både breidde og djupn, Gud til ære og menneske til gagn.

Kyrkje med huva i handa?

Me har sett det igjen og igjen: Alvorstunge statsrådar og helsetoppar har presentert nye korona-tiltak, kva konsekvensane vert for ulike samfunnsområde og korleis staten vil kompensere for dette. Men kva dette vil medføre for kyrkja og for trusamfunna i det heile, har knapt blitt nemnt på alle desse pressekonferansane. Like eins har det vore i media. Ikkje ein gong då det ikkje vart råd å feire gudsteneste i kyrkja si viktigaste høgtid, påska, fekk dette noko merksemrd. Kontrasten har vore stor til utelivet, der særleg skjenkestopen har vorte presentert som ei nasjonal krise. Men også kyrkja sin «nabo», kulturlivet, har fått langt meir merksemrd enn kyrkja.

Dette seier oss noko om kor sekularisert det offentlege rommet er blitt i Noreg. Men det seier også noko om kor vanskeleg det er for kyrkja korleis ho skal stå fram i dette rommet. Det sørmer jo seg ikkje for kyrkja å alboge seg fram mellom samfunnsaktørane, aller minst under ein pandemi. Å rope høgt om eigne behov i denne krisa, hadde såleis fort verka nærsynt. Det kan såleis sjá frommest ut å stå med huva i handa. Men noko meir frimod i denne situasjonen hadde ikkje skada. Når kulturtoppar står fram og talar høglytt om at «menneske treng ikkje berre noko å leve av, men også noko å leve for», så burde kyrkja ha dess større grunn til å minne om dette.

Roar Strømme

Sokneprest i Strandebarm sokn og Vikøy sokn



Men om ein ikkje har ropa så høgt om det, har det vore gjort ein formidabel innsats i kyrkja, for å vere kyrkje for alle, også innan dei svært krevjande rammene som ein har fått frå styresmakta. Slik må det vere også når desse rammene vert vidare. Kyrkja sin posisjon i samfunnet vert først og fremst avgjord om ho er truverdig i ord og gjerning. Samstundes har me eit arbeid å gjøre med å synge kor viktig truslivet er for mange i landet vårt. I ein stat som har som målsetjing å føre ein «kaktivt støttande religionspolitikk» kan ikkje truslivet berre forvisast til privatsfären, men må synleggjerast og leggjast til rette for i det offentlege rommet, til fridom for den einskilde og til gagn for samfunnet.

ANDAKT

Barndommens bibelske bilet

¹⁷ Ein dag heldt han på og underviste, og der sat farisearar og lovlærarar som var komne frå alle landsbyane i Galilea og frå Judea og Jerusalem. Jesus hadde Herrens kraft så han kunne lækja. ¹⁸ Då kom nokre menn berande med ein som var lam og låg på ei båre. Dei prøvde å bera han inn og setja han ned framfor Jesus, ¹⁹ men såg seg inga råd til å koma inn med han for folkemengda. Så gjekk dei opp på taket, tok til sides takstein og firte han ned på båra, beint framfor Jesus. ²⁰ Då Jesus såg trua deira, sa han: «Ven, syndene dine er deg tilgjevne.» ²¹ Men dei skriftlærde og farisearane tenkte med seg: «Kva er dette for ein? Han spottar Gud. Kven andre kan tilgje synder enn Gud åleine?» ²² Jesus visste kva dei tenkte, og sa til dei: «Kva er det for tankar de går med i hjartet? ²³ Kva er lettast å seia: 'Syndene dine er deg tilgjevne' eller: 'Stå opp og gå'?» ²⁴ Men for at de skal vita at Menneskesonen har makt på jorda til å tilgje synder» – og no tala han til den lamme – «så seier eg deg: Stå opp, ta båra di og gå heim!» ²⁵ Og med ein gong reiste mannen seg midt for auga deira, tok båra som han hadde lege på, og gjekk heim med lov og takk til Gud. ²⁶ Då vart dei alle heilt frå seg av undring og lova Gud. Og fulle av otte sa dei: «I dag har vi sett utrulege ting!»

Luk 5,17-26

Eg gjekk på søndagsskulen til eg var tretten. Det er heilt sant. Eg likte meg godt på søndagsskulen på Norheimsund bedehus. Det var flinke og dedikerte frivillige som dreiv søndagsskulen. Det var Bjarne, Guri, Dagmar og sikkert nokon som eg har gløymt. Vi var delt inn i grupper etter alder, det var gullstjerner og fiskar på frammøtekortet, og så var det dei gode forteljingane, ofte på flanellograf.

Vi blir fattigare i vår kultur om vi ikkje fortel, høyrer og vidareformidlar bibelforteljingane. Alle burde i grunnen gå på søndagsskule, på skattekistesamling eller på skulebesøk i nærkyrka; oppsøka bibelforteljingane. Dei lærer oss noko, ikkje berre om Jesus og Gud, men om det å vera menneske, om det å vera til i verda, om det å høyra til i ein kulturell kontekst og, som i dag, om å vera ein god ven.

Eg ser så klart for meg dagens bibelforteljing om dei entusiastiske venene til den lamme mannen. Når dei ikkje kjem fram til Jesus på grunn av den store folkemengda, ber dei resolutt båra opp på taket, fjerner takstein og firer kompisene ned, rett framom Jesus. Det er fint med løysingsorienterte vene. Forteljinga ender i undring og glede, men heller ikkje i denne forteljinga blir vi spart for kritiske

Marita Bjørke Ådland

Sokneprest i Slemmestad og Nærnes



røyster mot Jesus, mot det som skjer, og mot det Jesus seier.

Mange år er gått sidan eg gjekk på søndagsskulen. Men forteljingane lever i meg. Dei utgjer både ein teologisk og kulturell ballast som er nødvendig for meg i den verda eg lever i. For toleranse og forståing handlar om å vera tydeleg, ikkje om å gøyma bort eins eige. Jesus er tydeleg mot dei han møter.

Som kristne skal vi også vera tydelege på den arven vi ber med oss. Berre slik kan vi møta andre – og bli møtt med – respekt. For når vi veit, og har sett ord på, kva bibelhistoriene betyr for oss, kan vi enklare forstå kva andre menneske sin tradisjon betyr for dei. Slik kan vi glede oss med kvarandre over å høyra til i ein samanheng, i eit fellesskap og i ei verd som er mangfaldig, og som vi også trur er elskar av Gud.

«Det finnes en tillit i verden, et lys over store og små», seier Hans Børli. Denne tillita kjem ikkje av seg sjølv. Den er det berre du og eg som i gode augneblink kan skapa, gjennom kunnskap, klokskap og kjærleik.

Andakten har stått på trykk
i avisa Vårt land

Ein drope vatn gjev von i tørka

Alt Takondwa Phanga (26) tar i spirar og gror, og det går gjetord om den flinke agronomen i mils omkrins. Sjølv har han berre eit mål og det er å dele raust med kunnskapen sin, slik at småbønder kan kome seg ut av fattigdom og svolt.

Av: Anette Torjusen Foto: Håvard Bjelland

Tørke skaper akutt svoltkrisje for millionar av menneske kvar einaste dag.

Eit håp kan byrje med ein drope vatn. Det kan gje ei framtid utan svolt, fattigdom og konflikt. Vatn kan endre eit liv, ein landsby og eit land. Vatn er livsviktig. Ein av dei som ser det kvar einaste dag er agronom Tankondwa Phanga.

Vi er i landsbyen Chingagwe i Malawi, der tolv småbønder får opplæring i moderne jordbruk.

- Her hjelper eg småbønder med å få høgare kvalitet på avlingane sine slik at dei kan hauste meir og samstundes auke inntektene sine, fortel han.

Prosjektet starta i desember 2020, og allereie eit år seinare har bøndene tredobla inntektene sine. Sjølv gjev han opplæring i 17 område.

Målet er å få småbønder ut av fattigdom og svolt, samstundes som dei utviklar seg som bønder. I Malawi lever 80 prosent av landbruk, og så mange som fire millionar menneske manglar tilgang til vatn.

Dei tolv bøndene vi møter i dag, har investert i eit sett med kvalitetsfrø, eit vatningssystem og gjødsel. I tillegg lærer dei seg gode metodar for å utvikle jordbruket sitt.

- Jobben min er perfekt for meg. Lideneskapen min er å hjelpe bønder til å utvikle seg slik at dei kan få betre resultat. Gjennom jobben min kan eg vere med på å gjere ein forskjell.

Det tradisjonelle jordbruket skaper stort press på både jorda og vassressursane. Dei moderne jordbruksmetodane, som gjev større og sikrare avlinger på mindre areal og brukar mindre vatn, er utilgjengelege for småbønder i verdas fattigaste land. Både irrigasjonsutstyr, frø og kunstgjødsel blir berre selde i store kvanta. Bøndene manglar utdanning og dei færreste har råd til å investere.



TENNER HÅP: Takondwa Phanga er agronom og brukar yrket sitt til å få bønder i Malawi ut av fattigdom.

Bønder som brukar moderne jordbrukssteknologi, slepp å hente vatn i brønnar og elver. I staden for fyller dei ei bøtte med vatn, som er kopla til to slangar. Slangane har små hol, slik at vatnet piplar ut og gjev ei jamn vatning av grønsakene. Bøndene kjøper seg ei startpakke som består av kvalitetsfrø, eit irrigasjonssett og gjødsel. Eit slikt sett kostar rundt 100 kroner. Før måtte dei hente vatn fleire gongar om dagen slik at plantene fekk nok vatn. Takka vere irrigasjonssystemet, får plantene vatnet dei treng.

Ofte kan det vere trøngt om plassen i landsbyar og hagar, difor er også plassutnytting eit viktig tema Phanga lærer bort. I staden for å plante ei rad med tomatar, brukar dei same plassen til å dyrke to rader. I tillegg får bøndene ei innføring i kva grønsaker som eignar seg best å dyrke og korleis dei best bør lagrast slik at dei kan auke inntektene sine.

- Bøndene som er med i prosjektet har tent nok til å kjøpe seg ein hønsegard, skoleuniformer eller sende barna på sko-

le. Dei har også nok mat til heile familien. I tillegg kan vi sjå at dei kjøper meir land og på den måten utvidar jordbruksarealet sitt, forklarer han.

Etter at bøndene vart med i prosjektet, kan agronomen sjå stor forskjell i liva til folk.


- Bøndene og familiene deira har no enkel og føreseieleg tilgang til grønsaker. Dei har auka inntektene sine og dei investerer vidare. Før hadde dei kanskje ingen eller lite pengar. No har dei ei stabil inntekt, som syter for næringsrik mat på bordet kvar einaste dag.

Denne endringa gjer at han har tru på framtida.

- Målet mitt er å få andre til å sjå korleis dei sjølv kan endre liva sine. Som nyutdanna håpa eg at eg skulle få oppfylt draumen min om å jobbe i Kyrkjens Nødhjelp. No gjer eg det, og det gjer meg glad og takksam. Måten Kyrkjens Nødhjelp jobbar med lokalsamfunn på, er riktig og viktig. Eg er veldig stolt over at eg får vere med på å forandre verda.



KIRKENS NØDHJELP
actalliance



Gudstenesteliste

6. mars

- Øystese kyrkje kl.11
Sokneprest Roar Strømme.
- Strandebarm kyrkje kl.17
Sokneprest Roar Strømme. Nattverd.
Kyrkjelyden sitt årsmøte etter
gudstenesta.

13. mars

- Norheimsund kyrkje kl.11
Sokneprest Lars Arne Vik. Nattverd.

20. mars

- Øystese kyrkje kl.11
Sokneprest Lars Arne Vik. Dåp.
- Strandebarm kyrkje kl.11
Sokneprest Roar Strømme. Dåp.
Nattverd.

27. mars

- Ålvik kyrkje kl.11
Sokneprest Lars Arne Vik.
Kyrkjelyden sitt årsmøte etter
gudstenesta.
- Norheimsund kyrkje kl.11
Sokneprest Roar Strømme. Nattverd.
Kyrkjelyden sitt årsmøte etter
gudstenesta.

3. april

- Strandebarm kyrkje kl.11
Sokneprest Lars Arne Vik. Nattverd.
- Norheimsund kyrkje kl.19
Messingmesse
Sokneprest Lars Arne Vik.
Heims musikklag. Nattverd.

10. april, Palmesundag

- Øystese kyrkje kl.11
Felles påskegudsteneste
Sokneprest Roar Strømme.

14. april, Skjærtorsdag

- Øystese kyrkje kl.19
Felles kveldsgudsteneste
Sokneprest Lars Arne Vik. Nattverd.

15. april, Langfredag

- Øystese kyrkje kl.11
Sokneprest Roar Strømme.
Felles pasjonsgudsteneste

16. april, Påskennatt

- Øystese kyrkje kl.23.15
Felles påskennatts-gudsteneste
Sokneprest Lars Arne Vik.

17. april, Påskedag

- Øystese kyrkje kl.09
Felles påskemorgon-gudsteneste
Sokneprest Roar Strømme.
- Norheimsund kyrkje kl.11
Felles høgtidsgudsteneste
Sokneprest Roar Strømme. Nattverd.
- Strandebarm kyrkje kl.11
Høgtidsgudsteneste
Sokneprest Lars Arne Vik. Nattverd.

18. april

- Ålvik kyrkje kl.11
Påskegudsteneste
Sokneprest Lars Arne Vik. Nattverd.

24. april

- Norheimsund kyrkje kl.11
Sokneprest Lars Arne Vik. Nattverd.

28. april

- Ålvik kyrkje kl.18
Samtalegudsteneste
Sokneprest Lars Arne Vik.

1. mai

- Ålvik kyrkje kl.11
Første mai-gudsteneste
Sokneprest Roar Strømme.

3. mai

- Øystese kyrkje kl.18
Samtalegudsteneste
Sokneprest Lars Arne Vik.

4. mai

- Norheimsund kyrkje kl.18
Samtalegudsteneste
Sokneprest Roar Strømme.

8. mai

- Norheimsund kyrkje kl.10 og kl.12
Konfirmasjonsgudstenester
Sokneprest Roar Strømme.
- Ålvik kyrkje kl.12
Konfirmasjonsgudstenester
Sokneprest Lars Arne Vik.

10. mai

- Strandebarm kyrkje kl.18
Samtalegudsteneste
Sokneprest Roar Strømme.

14. mai, laurdag

- Øystese kyrkje kl.12.00
Konfirmasjonsgudstenest
Sokneprest Lars Arne Vik.

15. mai

- Øystese kyrkje kl.11
Konfirmasjonsgudsteneste
Sokneprest Lars Arne Vik.
- Strandebarm kyrkje kl.11
Konfirmasjonsgudsteneste
Sokneprest Roar Strømme.

NB! Det kan koma endringar. Sjå lysing i HF!

TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenker på å ta sitt eige liv,
andre er usikre, einsame eller redde.
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22 40 00 40

SOS
CHAT

SOS
MELDING

KIRKENS
SOS

Sondre H. Bjørgum

Kan du sjå for deg at sjangrane dikt og krim i kombinasjon?

Dersom ei jente vert funnen med ei bunadsølse stukke i halsen, kan det då kallast eit nasjonalromantisk mord?

Den lokale forfattaren vår eksperimenterer i sjangrar og samlar på setningar. Han kan uttrykkja seg tydeleg og godt om det meste, og han har tilliks med fleire forfattarar trødd barneskor i Tolomarka i Norheimsund. Han heiter Sondre Hallvardson Bjørgum og er ein allsidig mann som bur med familien sin i Oslo og driv produksjonsselskapet Bjørgum Film & TV. Han er forfattar og dokumentarfilmregissør og har mellom mykje anna laga to filmar om poeten Triztan Vindtorn og ein om vår eigen komponist Geirr Tveitt.

Sondre er utdanna regissør ved Høgskolen i Lillehammer 2004–2007 og tekstforfattar ved Westerdals Reklame-skole 2000–2003.

Tre bøker har han gjeve ut, og dei er så ulike som bøker kan bli.

I 2007 *Jungelgutta forteller, fra gris til krokodillefis* ilag med teiknaren Asbjørn Kessel Brandsnes. Dette er noko so sjeldan som ei biletbok for ungdom. Ho er skrive på rim, som ein rap.



Bjørgum har uttala at han vart inspirert til skriving i ungdomen då han var med i eit band i Norheimsund.

I 2017 kom den første boka han har skrive for vaksne. Den heiter *Fyrste gong me møtest som snø - ei nedteljing*. Dette er ei poetisk bok som handlar om det minuttet før du skal møta «den rette», eller den du håpar skal bli den rette.

I 2019 kom boka *Utan dekning*, ei varm og nær diktsamling om å mista nokon langsamt til demenssjukdom.



Foto: Martin Borgestad



Sondre Bjørgum har uttala til media: «Biblioteket er kanskje den finaste plassen i heile verda. Diverre tok det meg tjue år før eg fann ut av det. Før levde me i to ulike tempo der min rastlause personlegdom ikkje klarte å finna roa. No vert eg alltid glad av å vera der. Alltid varm av å sjå bøker».

Er ikkje dette fint? Dette er me på biblioteket i Kvam glade for å høre. Me tilrar alle å ta turen innom oss og låne ei eller fleire av bøkene hans. Vonlegvis skal han gje ut fleire.

Kvam bibliotek

ekte kjærlek rustar ikkje

men ein må belaga seg
på å gå over den
med jamne mellomrom

olja gjenga skruer
og mutter

slepper ein taket
losnar jerngrepet

og kva gjer me då
når me ikkje

er fanga lenger

eller
slik du skildrar det

Ingen
å driva vedlikehald på

Frå *Utan dekning*

Årets fasteaksjon tirsdag 5. april 2022

Kirkens Nödhjelp markerer vårt 75-års jubileum i 2022, med håp som overordnet tematikk. Fasteaksjonen er en viktig del av markeringen, og har fått tittelen «Håp i en dråpe vann».

På vegne av kirkene i Norge, jobber Kirkens Nödhjelp med å sikre at mennesker i nød får tilgang til vann, hygiene- og sanitære løsninger. Dette har vært tema for fasteaksjonen siden 2015. I 2022 har vi også et spesielt fokus på klimatilpasset jordbruk, gjen-

nom vanning via dryppsystemer. Dråpene fra rørene gir liv og vekst, som igjen gir inntekter og mulighet for å forsørge seg og sine. Dere vil bli spesielt kjent med arbeidet vårt i Malawi, der vi blant annet møter Takondwa Phanga, som er på forsidebildet. Han er agronom, og lærer bort moderne jordbruks teknologi til småbønder for å bekjempe sult og fattigdom.

Vi gleder oss til å sammen mobilisere, slik at flere mennesker får tilgang til vann!

I år satser vi på «dør-til-dør-aksjon» i Kvam, om den lokale smittesituasjonen tillater det. Konfirmantene ville derfor være bøssebærerne. Møtet ved døra er unikt og verdifullt. Da kan man gi gave som kontanter eller ved å bruke vippes. Ta god imot dem!

Kateket Mampion Andriamananjy



Presteenke-pensjon

Ove-Kjell Sakseid

Fast spaltist i Prestar i Kvam



Om ein prest døydde, kva skulle ein så gjera med presteenka og borna. Problemet vart ofte løyst på den måten at etterfølgjaren til presten gifte seg med enka og tok til seg borna. Les om presteenke-pensjon før i tida.

Då reformasjonen svekka den katolske kyrkja i ein del av dei nord-europeiske landa, verka det ikkje berre inn på kyrkja og det kyrklelege livet, sjølv om dette gjennomsyra samfunna. Det kunne vera reint økonomiske motiv for å gå frå katolsk- til Luther-læra, eller til ein av dei andre reformatorane som gjekk imot den katolske kyrkja. Og dei var mange.

Eigedom til kongen

Luther er for oss den mest kjende reformatoren i og med at det var hans lære som vart innført i Noreg utan at folket i landet fekk koma med motargument. Det var kongen i København som avgjorde det. Eit tungt lodd for han då han skulle avgjera saka, var at han ved innføringa av den nye trua fekk hand om eigedommane som låg inn under kyrkja. Dei var mange og store. Og kongane har alltid hatt trøng for pengar, for det kosta å føra krigar.

Med innføring av Luther-læra, vart sølibatet oppheva for prestane. Katolske prestar hadde ikkje lov å gifta seg. Det fekk dei reformerte lov til, og eit problem vart skapt. Om ein prest døydde, kva skulle ein så gjera med presteenka og borna. Problemet vart ofte løyst på den måten at etterfølgjaren til presten gifte seg med enka og tok til seg borna. I nokre få tilhøve kunne enka bli plassert på eit «enkesete». Laupsa vart nytta til det i eitt tilfelle.

Kjøpte Hellestveit

I 1654 skal Hans Hansen Berg blitt innsett som sokneprest i Vikøy sokn, som omfatta Vikøy og Øystese. Han overtok etter Torlak Olavson, og med «på lasset» fekk Hans enka og ein barneflokk på 6. I 1666 vart Karen Christensdtr. enke for andre gong. Men ho sat så godt i det økonomisk at ho kjøpte ho Hellestveit og busette seg der.

Hans og Karen hadde ikkje born saman. I og med at eldste barnet ho fødde truleg kom til i 1628, og siste i 1643, kan me kanskje gissa oss til at ho var over



Absalom Pedersøn Beyer hadde som biskop i Bergen mykje med kyrkjene til Den norske kyrkja i Kvam å gjera. I tillegg var litt av løna hans knytt til Kanikeberg-garden i Botnen. Biletet er henta frå Innvik kyrkje i Nordfjord.

fruktbar alder då ho og Hans gifte seg. Slik vart det i alle høve mange stader. Ein ung og ugift prest fekk kall mot å «overta» enke og born. Så slapp bygda å brukha pengar på henne og borna.

Elles var det ikkje for kven som helst å bli prest. Det kosta ikkje lite å studera. Helst måtte dei til København om det skulle vera rett stelt. Eller kanskje også Tyskland. Berre dei rikaste slektene hadde råd å kosta skulering på dei unge. Og så vart presteyrket knytt til nokre utvalde slekter.

Absalon Beyer

Ikkje alle var like heldige som Absalon Pedersøn Beyer. Han var bondeson frå ein fjellgard i Aurland, men miste foreldra tidleg. Han vart fostra opp hos ein slekting i Bergen, og «oppdaga» av biskop Geble

Pedersøn, og tatt under vengene hans. Geble hadde kjenningar i København og der budde Absalon i studietida. Men han var også og studerte i Wittenberg. Philipp Melanchthon var ein av lærarane hans.

Løn frå Botnen

Og Absalon Pedersøn Beyer hadde som biskop i Bergen mykje med kyrkjene her hos oss å gjera. I tillegg var litt av løna hans knytt til Kanikeberg-garden i Botnen. Bygselspengane (eller verdien av dei i naturalia) tilfall han. Enka hans skulle i grunn haude gode av desse inntektene, men strid i kyrkja og mellom kyrkja og dei borgarlege leiarane gjorde at ho miste denne retten. I tillegg var ho skulda for hekseri, og brend på bålet. Ho hadde då vore enke i femten år.

Går gjennom feste

«Vinglande vilt millom graver», står det i ein gammal Elias Blix-salme - og nett slik kjenner han det, gamle kyrkjeverje Olav Skeie Lid, der han sit med pc-en mellom ættebøker og gamle gravkort.

Olav Skeie Lid er innleidg på andre året nokre veker no i januar og februar - snakkar me om ein tradisjon, allereie? - for å gå gjennom dei graver der festetida er ute.

Årleg er det 2-300 graver som må fornyast feste for. Ein del graver vert også sletta kvart år - det er også ein naturleg del av livet. Nokre gonger er festaren sjølv død sidan sist det var kontakt, og då er både folkeregister og ættebøker gode hjelpemiddel for å finna ut kven som no skal ta ansvar for grava. Alle graver som er meir enn 25 år, må festast, det vil seia betalast ei leige for. Også reserverte graver lyt det betalast for, som til dømes graver for gjenlevande ektefelle.

Festeinntekter er ei viktig inntekstkjelde for gravferdsforvaltninga i kyrkja, og er heilt nødvendige for å halda gravplassar i hevd, og for å drifta uteseksjonen på kyrkjegardane. Det er Kvam herad som vedtek storleiken på festeavgifter.

- Eg brukar telefonen mest, fortel Olav. - Enklast slik, då får me ofte ein god



-Det vert jamnleg mange gode og sterke samtalar om levd liv og ulike skjebnar, fortel tidlegare kyrkjeverje Olav Skeie Lid som på andre året no er innleidg for å gå gjennom gravene der festetida er ute. Foto: LAV

prat, og kan klara opp i mistydingar og spørsmål som festarar har. Og så vert det jamnleg mange gode og sterke samtalar om levd liv og ulike skjebnar. Kyrkjegardane er ei ope historiebok og vår felles kul-

turarv, uansett livssyn. Det er rett og slett eit berikande arbeid, seier han, før han på nytt opnar Ættebok for Kvam og lurer på kvar det vart av etterkomarane etter den som ligg i grav H 13 5 i Øystese (Red).

Onsdag 18 – Bøn



Saknar du nokon å be saman med?

Vel møtt til felles bøn i Norheimsund kyrkje kvar onsdag frå klokka 18.00 til 18.45.

Me følger denne planen:

1. Lovsong
2. Takk
3. Bøn for
 - kyrkje, bedehus
 - bygda, landet, verda
 - forfolgte kristne
 - misjon
 - innkomne bøneemne
 - aktuelle tema
4. Stille bøn for det som ligg deg på hjarta
5. Velsigninga

Bøn er å snakka med Gud. Me veit at det er mange i bygdene våre som ber. Det gjer sikkert du også. Me ber i gudstenester, på møte i bedehusa og i andre samlingar. Me ber heime, når me går tur og når me kører bil. I Bibelen blir me mange gonger oppfordra til å be, både kvar for oss og saman med andre. «Be så skal de få!» er eit av mange løfte som er knyta til bøn. Ein annan stad står det at me skal be heile tida!

Lenge var medlemer i kyrkjelyden samla til bøn i kyrkje kvar måndag. Denne gruppa er ikkje i drift lenger, men no blir me altså inviterte til bøn i Norheimsund kyrkje kvar onsdag kl 18. Tittelen, onsdag 18 - BØN, skal hjelpa oss å hugsa dag og tid og kva som er fokus.

Samlinga er for folk i alle aldrar, både deg som ynskjer å be høgt saman med andre, og for deg som vil vera med å be inni deg. Me ønskjer helst at du skal koma og vera med i kyrkja, men viss det ikkje passar, kan du vera med og be der du er onsdag kl 18.00 - 18.45. Du må gjerne følgja den bøneplanen me nyttar i kyrkja.

Ei styringsgruppe for onsdag 18 – BØN er sett saman av soknerådsleiar, sokneprest og to frå kyrkjelyden. Vikøy sokneråd er arrangør.

Vel møtt!

Vikøy sokneråd

FRÅ KYRKJEBØKENE

DØYPTE

Alvik sokn
Eren Elvatun

Øystese sokn

Jenny Mæland Byrkjeland
Lone Melstveit
Alva Kjos Bjørke
Martha Klyve Fosse
Ada Vikør Bjørke
Ada Seim Bråthun
Sverre Klyve

Vikøy sokn

Alea Gjerde Fredheim
Fillip Bru
Noélia Langesæter
Aron Fredheim Lyngbø
Jonathan Nikolay Forys
Vilde Aarekol
Sander Nedrevåge Berge
Oline Helle
Mikkel Phoenix Figueroa
Storm Vangdal Bjørke
Barham Øvrehus

Strandebarm sokn

Ella Storhaug Bu

VIGDE

Øystese sokn
Anne Berit Birkeland og Kjell Vassdal

Strandebarm sokn

Hilde Ystanes og Alf Kåre Hjartnes

AVLIDNE

Alvik sokn
Arild Bøe (f. 1959)
Anna Sandvoll (f. 1934)
Kåre Aarhus (f. 1923)

Øystese sokn

Suzanne Saisi (f. 1946)
Kåre Sandven (f. 1928)
Brita Kopren (f. 1949)
Kåre Kjosås (f. 1936)
Olav A. Fykse (f. 1935)
Kari Frøystad (f. 1937)

Vikøy sokn

Gjermund Tørvik (f. 1930)
Torleiv Bertin Hesthamar (f. 1948)
Bjørn Ancher Nilsen (f. 1948)
Bjørn Høyland (f. 1924)
Hans Thorbjørn Laupsa (f. 1942)
Kåre Ingard Fosso (f. 1942)
Sven Frode Schaufel (f. 1946)
Jorun Vangdal (f. 1956)
Albert Øvsthus (f. 1927)
Ragna Valland (f. 1946)
Gyda Stenberg (f. 1935)
Helga Nitter (f. 1942)

Strandebarm sokn

Peter Mundheim (f. 1935)
Mally Fosse (f. 1935)
Åslaug Bjerke Solberg (f. 1915)
Johnny Knut Svåsand (f. 1948)
Kristoffer Fosse (f. 1929)
Roald Solberg (f. 1927)

MI SALME


Stor er din trofasthet

Salmen «Stor er din trofasthet» syns eg er så flott både i tekst og melodi.

Me syng den ofte på bedehuset og også i kyrkja, og eg er vorten svært glad i den. Den står i salmeboka på nr 322.

«Du er den samme, din miskunn er evig» og «styrke for dagen og håp for i morgen» syng me. Det er så godt å tenkja på.

Jesus sviktar aldri, sjølv om me kan gjera det. Nåden er ny kvar dag! Takk og lov for det!



Anne Kari Sørheim

Sakshandsamar på kyrkjekontoret



Stor er din trofasthet, Herre og Fader,
skiftende skygge når aldri din sti.
du er den samme, din miskunn er evig,
slik som du var, skal du alltid forblí.

*Stor er din trofasthet, stor er din trofasthet,
dag etter dag ga du nåde på ny.
Himmelske hender gir alt jeg behøver.
Trofaste Herre, hos deg har jeg ly.*

Tidene skifter med dager og netter.
Soler og stjerner har oppmerket gang.
Syng, all hans skapning, og pris ham som styrer.
Lov den allmektige Herre med sang.

Nåde for synder og fred uten like.
Mesterens omsorg til støtte og stav.
Styrke for dagen og håp for i morgen.
Signing for barnet, som Gud tar seg av!

T Thomas Obediah Chrisholm 1923

O Sverre Therkelsen 1962

M William Marion Runuian 1923

Frivilligåret 2022 og Diakoni

«Frivillig – med glede», stod det i intervjuet Hf hadde med Brita Træbakken tysdag 18. januar, og vidare: «2022 er Frivilligåret i Noreg. Lag og organisasjonar skal visa kva dei held på med, og folk skal inspirerast til å ta del».

Det er 25 år sidan Grannehjelpa vart etablert som ei stifting, eigd av 30 lag og organisasjonar i Kvam, og medlem av Norges frivilligsentralar. Føremålet var å skapa sosiale møteplassar og kopla menneske som treng ei hand med den som kan hjelpe til. Og slik har det blitt i Kvam.

Tidlegare kulturminister Abid Raja seier at dugnad er eit ord som kjenneteiknar oss nordmenn. Me stiller opp for kvarandre. Dei ulike laga og organisasjonane bak Grannehjelpa har sine eigne viktige primæroppgåver i lokalsamfunnet, det gjeld Røde Kors, sanitetslaga, idrettslaga, Lions o.s.v., og som eigarar av Grannehjelpa bidreg dei også til dei nye møteplassene. Turgrupper, «Aktivitetsvenn», «Hjelp ein sambygding» og «Bygdemødre» er døme på kva Grannehjelpa organiserer.

Også Kyrkja (Den norske kyrkja i Kvam), som sjølv har lange tradisjonar med å organisera omsorg, står bak stif-

tinga av Grannehjelpa vår. Frå tidlegaste tider har Kyrkja gått føre med å etablera sjukehus og omsorgstiltak for menneske med ulike hjelpebehov. I Kvam (1903) var «Heims sjukeroftlag», med den samfunnsengasjerte sokneprest Christie som formann, først til å organisera heimesjukepleie. I dag har velferdssamfunnet overteke dei fleste av desse oppgåvene, og Kyrkja har gått vidare for å dekka andre behov.

Saman med Grannehjelpa og Indremisjonen har Kyrkja nokre år teke del i «Ein god dag», som eit årleg arrangement der frivillige hjelper dei som treng ei handsrekning; med våronn i hagar, maling av hus og hagegjerde, transport av tunge ting til gjenbruk eller avfallsplassen, og gåturar med eldre som bur i omsorgsbustadane. Og ei positiv oppleving vart det nok for dei kundane, som utanfor Straumen i Norheimsund og Coop'en i Øystese, overraska tok mot ein gratis kaffikopp og vaffel frå blide og omsorgsfulle frivillige. I Kyrkja kallar me slik hjelp og omsorg for Diakoni.

Etter kvart hadde dei fire sokneråda i Kvam trong for å utarbeida ein diako-

Hans Atle Soldal



Tidlegare helse- og sosialsjef og kommunalsjef i Kvam herad 1984-2016, er utdanna sjukepleiar og soionom frå Diakonhjemmet, Oslo, (f. 1949), oppvaksen i Norheimsund og bur i Klyve.

niplan for dei omsorgsoppgåvene Kyrkja skulle arbeida med. «Kva vil du eg skal gjera for deg» vart undertittelen på planen, og slik Jesus stilte spørsmålet til menneske han møtte. Planen refererer dei tiltaka som er sette i gang - og dei oppgåvene som Sokneråda ønskjer utfordra oss til å ta tak i. Ein diakon vart tilsett for å leia arbeidet. Eit par år fekk Fellesrådet, som arbeidsgjevar, tilskot frå Bispedømmet til å finansiera diakonstillinga. Diverre gjer manglande finansiering at stillinga førebels er inndregen. Me kan vona at Kvam herad framover kan støtta med finansiering gjennom sine årlege løyvingar.

Trygge sosiale relasjoner og hjelpesemnd er noko av grunnlaget for eit godt samfunn, avsluttar Brita i intervjuet i Hf. Difor oppmodar ho om at politikarane er rause med Grannehjelpa.

Ei krone investert i kulturelt arbeid gjev fleirdobbel verdiskaping, heiter det. Og Kyrkja ønskjer, saman med dei andre laga og organisasjonane i bygda vår, å bidra til at Kvammabygdene blir gode fellesskap å leva i. Men det avheng av varme hjarte og villige hender. Denne oppfordringa går til kvar enkelt av oss.

Muntern frå emeritus

I spalta Muntert frå emeritus kjem prost emeritus Arne O Øystese (f. 1950) med gode stubbar frå si lange prestetid, oppvaksen i Kvinnherad som presteson, sjømannsprest på ulike stasjonar i Europa og USA og den siste yrkesaktive tida som prost i Indre Ryfylke.

Billigsal

Kona og mannen hadde lagt seg til for kvelden. Seint på natta vekkjer kona mannen sin, gråtande:

«Kjære deg, eg har hatt ein veldig vond draum i natt!» sa ho til mannen sin.

«Kva er det du har drøymt no då?» ville han vita.

«Jau, eg drøynde at eg var på billigsalg!»

«No må du slutta med alle desse draumane dine. Det er då ingen grunn til å vekkja meg opp av søvnen om du har drøymt om eit billigsalg!»

«Jau», sa kona gråtande, «det var inga god oppleving!»

«Korleis då?» spurde mannen.

«Du skjønar at på billigsalget var det sal av ektemenn!»

«Ektemenn?» spurde mannen opp att.

«Ja, det er heilt sant. Og – det verste var at slike som deg vart selt til ti kroner bunten!»



Arne O Øystese

Prost emeritus



TEMAKVELD

NY I KVAM



Korleis vert det opplevde å vera ny i Kvam? Kva kan me gjera for at også dei som har ein annan kulturell bakgrunn kan finna seg til rette her? I det heile: Korleis me vera eit inkluderande fellesskap i lag og lyd?

Dette vil me ta opp på ein temakveld i Norheimsund kyrkje torsdag 31. mars kl 19.00. Innleiari er Sarifa Moola-Nærnes (biletet). Ho har solid, internasjonal utdanning innan inkluderings- og minoritetsarbeid, og har arbeidd med dette både her i

Kvam og fleire av nabokommunane våre. Ho har også ein personleg bakgrunn for temaet sidan ho har vaks opp i Sør-Afrika, men bur no med familie på Mundheim i Strandebar. Mange har opplevd henne som ein svært kunnskapsrik, entusiastisk og ikkje minst inspirerande formidlar.

Det er Vikøy sokneråd ved «Kulturutvalet» som står bak tilskipinga, som me vonar vil femna breitt i heile Kvam. I tillegg til innleiing og samtale vil det verta kulturelle innslag. Velkommen!

Støtt annonsørane våre - dei støttar oss

Ynskjer du ei velstelt grav heile året?

Me kan tilby stell og montering av EMPERI.
Kan også ta oppussing og oppretting av gravsteinar.

For informasjon og avtalar ta kontakt med Rusk og Rask
v/ Arvid Strømme tlf. 99597848.

HARDANGER BYGGSENTER

www.hardangerbyggcenter.no

BYGGtorget MESTERHUS
- det blir som avtalt



c)optikk®

Bjelland

Briller - kontaklinser - ur

www.optikar-bjelland.no tlf.: 56 55 20 50



PER AUGESTAD A/S

Tlf. 56 55 28 70 • Mob.: 950 59 910

Epost: per@peraugestad.no heimeside: www.peraugestad.no

MESTERHUS

www.mesterhus.no

KLEPPE
HARDANGER NORGE

KVAM
KRAFTVERK

Til deg! For deg!



Sparebanken Vest
- satsar på vestlandet

www.spv.no | Tlf. 05555



En skal tidlig krøkes. Foreldre i Rukum er mer fokusert på å lære barna det praktiske arbeidet som er essensielt å kunne for å overleve i det området de bor i.


På lag med foreldrene

Barna i Rukum i Nepal har fått det bedre på skolen. Det er takket være et prosjekt som går ut på å styrke samarbeidet mellom hjem og skole. Vi vil styrke barna i deres naturlige lokalmiljø og hente fram de positive kretene som finnes der de er. Da må vi spille på lag med foreldrene. Følg oss gjerne på ferden, skriver Line Konstali fra HimalPartner

Det er ikke enkelt å stille opp for barna sine når man selv mangler skolegang. Hvis man i tillegg har en hverdag preget av hardt, tidskrevende arbeid, er det også vanskelig å finne både tid og ro til å sette seg ned og hjelpe barna med lekser. Hva er egentlig poenget? Barna skal uansett snart slutte på skolen og heller bidra i husholdet.

Ikke høyt i kurs

Foreldre i Nepal har de beste intensjoner når de følger barna sine opp. For de som bor på landsbygda kan det for mange være viktigere å gjøre guttene klare for hardt kroppsarbeid og jentene klare for ekteskap. Skolegang står ikke nødvendigvis høyt i kurs.



Ved å gå i dialog med foreldrene, og møte dem der de er i livet, klarte etter hvert partnerne til HimalPartner å styrke samarbeidet mellom hjem og skole. Det har satt varige, viktige spor.

Klarte å snu utviklingen

I en fjellandsby i Rukum-regionen satte vår partner United Mission to Nepal (UMN) igang et prosjekt som gikk ut på å styrke samarbeidet mellom skolen og foreldrene. Det ble arrangert foreldre-møter der foreldre fikk informasjon om hvor viktige de var for barnas oppvekst. I starten var interessen laber, men etter hvert som tiden gikk, dukket flere og flere foreldre opp på disse møtene.

Ved å gå i dialog med foreldrene, og møte dem der de er i livet, klarte etter hvert våre partnere å styrke samarbeidet

mellan hjem og skole. Det har satt varige, viktige spor.

Bli fastgiver!

I alle våre prosjekter satser vi stort på foreldreveiledning. Foreldrene har den samme nøkkelen i barnas liv i fattige land som i rike. Det er derfor viktig at vi ser styrken i foreldrene og heller hjelper dem til å stille opp for barna på best mulig måte. Som fastgiver kan du være med og gjøre en forskjell for både foreldre og barn i Himalaya-regionen.



- Jeg har lyst til å skape et trygt og gøy miljø der foreldre og barn kan samles, seier Bryna Opdal, på biletet sammen med mannen Per Øystein Opdal og dottera Rebekka. (Foto: Privat)

Vikar for trusopplærar

Namn: Bryna Opdal

Kva: Vikar for trusopplærer

Alder: 42

Sivilstand: Gift med Per Øystein Opdal, ett barn, Rebekka, på 2 1/2 år

Kjem frå: Seattle, Washington, USA

Budd i Noreg sidan: 2016

Utdanning: Bachelor i kunsthistorie og Master i viktoriansk kunst.

Arbeidserfaring: Barnehagelærer i femten år.

Korleis fekk du namnet Bryna?

- Navnet mitt kommer fra «Brynestad», pikennavnet til min mor. Moren min har norske røtter, og oldeforeldrene hennes reiste til USA fra Olden, Ålesund og Molde. Familien min reiste til Norge flere ganger da jeg var liten for å besøke slektingar. Lite visste jeg den gangen at jeg senere skulle gifte meg med en nordmann og flytte til Norge.

Korleis er det å vera vikar for trusopplærar?

- Det er veldig spennende, men jeg føler at jeg har masse å lære. Det er ekstra gledelig å jobbe tett med venninnen min Mampion som er kateket.

Kva er skilnaden på di eiga kyrkje og Den norske kyrkja i Kvam?

- Det er mange forskjellige kirker i USA. Jeg vokst opp i flere «non-denominational», ikke-konfesjonelle kirker. Da jeg var fjorten, flyttet familien min til England (foreldrene mine var misjonærer) og vi gikk i den anglikanske kirke. I Seattle, gikk jeg til en «megachurch», en stor kirke, med over 10.000 medlemmer. Vi hadde store fellesskap-grupper som samlet seg hver uke. Den norske kirke i Kvam er veldig liten i forhold til andre kirkesamfunnene jeg har vært en del av, men, uansett størrelse, så er det viktig å samles og ha fellesskap med andre troende!

Kva saknar du mest frå USA?

- Jeg savner mest familien min! Begge søstre mine og fire tanter og onklar bor i samme gate. De er en del av hverandres hverdag, og noen dager jeg savner det, særlig når de feirer høytider og bursdager. Heldigvis er foreldrene mine flinke til å komme på besøk til Norge flere ganger i året. Som familie reiser vi også tilbake til USA hvert år.

Kva trivst du best med i arbeidet ditt?

- Jeg har en bakgrunn i musikk, og elsker å synge, så det er kjekt å lede Babysong. Da jeg flyttet til Kvam i 2019 kjente jeg ingen. Babysong og Småbarnstreff var en fantastisk måte å bli kjent med andre mennesker på. Jeg har lyst til å skape et trygt og gøy miljø der foreldre og barn kan samles, særlig de som nettopp har flyttet til Kvam fra en annen kommunen eller annet land! (LAV/BO)